



Saksframlegg

Tverråa Kraft AS - søknad om løyve til Tverråa kraftverk - høyring

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	10/16	26.01.2016

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6548&type=V-1>

Bakgrunn for saka: Tverråa Kraft AS søker om løyve til å etter vassressurslova til å byggje ut Tverråa Kraftverk i Tverråa. Småkraftverket vil gje ein årleg kraftproduksjon på 3,5 GWH. Det er tenkt inntaksmagasin på kote 665 m.o.h om lag 175m nedstrøms Stemmetjønn. Inntaksdammen blir i betong med magasin på om lag 3000m³ til 6000m³ med eit areal på om lag 2,0 dekar. Dammen blir mellom 20 til 25 m lang med høgde på inntil 2 til 3 m. Det er tenkt ei nedgravd rørgate på 2100m langs bekkedalen og eksisterande traktorveg ned til kraftstasjonen som er tenkt plassert nede ved elvekrysset Tverråa- Fardøla. Det er i tillegg eit bekkeinntak i Stavskardbekken med ei nedgravd rørgate på 200m. Det er lagt opp til minstevassføring tilsvarande 66 l/s, i tillegg til naturleg avrenning. NVE har sendt søknaden ut til høyring etter vassressurslova med høyringsfrist 01.02.2016. Søknaden har vore lagt ut på kommunehuset og biblioteket.


Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019, arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.

Energi- og vassdragsreguleringa seier at energianlegg omfatta av konsesjon ikkje treng å handsamast etter plan- og bygningslova, det er da heller ikkje krav om reguleringsplan. Men etter vassressurslova §24 er det gitt klagerett på same vis som etter plan- og bygningslova. NVE ber i fyrste rekke kommunen om å vurdere søknaden opp mot arealplanstatusen i området. Ein konsesjon etter vassressurslova gjev ikkje automatisk løyve til endra arealbruk etter pbl. Tiltaket må då i praksis avklårast i høve til kommuneplanen sin arealdel, vilkår for å gje dispensasjon ligg føre når det er gjeve konsesjon etter vassdrags- og energilovgjevinga. I kommuneplanen sin arealdel ligg området i LNFR-sone, i tillegg inne i Setesdal Austhei(Heiplanen) villreinområde. Området er og omfatta av Verneplan III for vassdrag. I samband med Regional plan for vannforvaltning i Agder, som er ein oppfylgging av EU sitt vanndirektiv, som seier at det er eit mål at alle vassførekomstar skal oppretthalde eller oppnå "god tilstand", etter nærare angjevne kriteria. Bekkefeltet til Fardøla som det her er tale om å byggje ut har i dag svært god økologisk tilstand. Denne miljøtilstanden vil då bli redusert ved ein eventuell utbygging.

I søknaden er det lagt inn ein vurdering av verknad på biologisk mangfald som er utarbeidd av Faun Naturforvaltning AS. Det er i rapporten vist til at vassdraget er verna utifrå kulturfagleg interesse og med tanke på friluftslivet, ikkje med grunnlag i naturfaglege verdiar. Området ligg inne som nasjonalt villreinområde i Heiplanen og er synt som sommarbeite for villrein. I li med eldre granskog langs Stavskardsbekken er det registrert eit lav som er vurdert som nær truga i

Norsk raudliste. Det finns fossekall og aure i vassdraget. Det er her konkludert med at samla konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser er sett til **liten negativ (-)**. Slepp av minstevassføring og oppmoding om å gjere rørtrase langs øvre del av Stavskardbekken smalast mogeleg, eventuelt utelate Stavskardbekken, er foreslått som avbøtande tiltak.



Den samfunnsmessige nytta av anlegget er sagt å være omsetting av kraft for 1,1 til 1,3 mill. årleg, med oppdrag for lokale entreprenørar i storleik 6 til 7 mill. kr.

Konklusjon:

Rådmannen ser det rimelig at ein her kan støtte seg på vurderinga frå Faun naturforvaltning og deira tilråding.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er positiv til søknaden og rår til å halde på tilrådd minstevassføring samt oppmoding om å gjere rørtrase langs øvre del av Stavskardbekken smalast mogeleg, eventuelt utelate Stavskardbekken, som avbøtande tiltak.

Det er ein føresetnad at traktorvegar i området vert rusta opp og at rørgata ikkje vert til hinder for framtidig skogsdrift.

Kommunen vil handsame søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel når konsesjon med vilkår ligg føre.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 26.01.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 26.01.2016

Fyresdal kommune er positiv til søknaden og rår til å halde på tilrådd minstevassføring samt oppmoding om å gjere rørtrase langs øvre del av Stavskardbekken smalast mogeleg, eventuelt utelate Stavskardbekken, som avbøtande tiltak.

Det er ein føresetnad at traktorvegar i området vert rusta opp og at rørgata ikkje vert til hinder for framtidig skogsdrift.

Kommunen vil handsame søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel når konsesjon med vilkår ligg føre.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør